



16x Bergen Slettebakken

Bergen, 30. april 2003

Lavvutur 9.-10. mai

Flokken fer på lavvutur til Ulvevatnet i Hauglandsdalen 9.-10. mai. Det går ikkje buss dit, so me treng hjelp av foreldre til å køyra; det tek kring 30 min. frå Slettebakken.

Tid: Frammøte med Slettebakken kirke fredag 9. mai kl. 17.30. Me håper at dei som køyrer borna til kyrkja ogso vil køyra heilt til Hauglandsdalen. Avslutning og avreise frå Hauglandsdalen laurdag 10. mai kl. 13.00.

Dei som ikkje finn bilplass og dei som har ledige plassar i bilen kan gje melding om det med påmeldinga, so skal me gjera so godt me kan for å få plass til alle utan overflødige bilar.

Påmelding: Seinast på møtet måndag 5. mai. Påmelding må innehalda namn til føresatte eller kontaktperson for dei, med telefonnummer der me kan nå dei under turen. Turen er gratis for medlemmer. (Dei må sjølve ta med mat, sjå nedanfor.)

Klede: varme og vantette støvlar/sko, sokkar, bukser, skjorte/genser, speidarsjal, vindjakke. Om vêret krev det, må ein ha på noko av ulltøyet og regnkleda som elles ligg i sekken (sjå nedanfor).

Utstyr: Sovepose, liggeunderlag, to par ullabbar/-sokkar, ullundertøy, regnklede, lue, to par vottar, skjerf, ekstra sokkar, treningsdrakt (til å sova i), ekstra bukser, tjukk genser, lomme-lykt/hodelykt, speidar-/tollekniv, fat, kopp og bestikk, tannbørste, handduk, avisopapir (til å tørka støvlar), ekstra plastposar og ein bossekk, dopapir.

Mat: Småspeidarane tek sjølve med seg mat og drikke for heile turen. Middagsmat må vera enkel å laga på stormkjøken (t.d. nudlar og pølser). Brødmatt må vera ferdig smurt i matpakker, til to måltid. Varm drikke til minst to måltid, t.d. kakao som kan lagast på vatn eller «Rett i koppen». Det er lov å laga varm mat til frukost (t.d. ostesmørbrød eller havregrøt). I tillegg kan dei ta med sноп for høgst 20 kr.

Det kan vera lurt å avtala med ein annan på kullet, slik at ein er to som et det same (2-3 personar per stormkjøken). Pga. vekta vil me ikkje at småspeidarane har med brus o.l.; konsentrert saft er greitt.

Hugs at småspeidarane pakkar sekken sjølv og at dei skal bera han eit stykke. Sekken må ikkje vera for tung, og alt utstyret må *oppi* sekken. Pakk i plastposar oppi sekken, for å holda det tørt.

Leiarar: Kjersti er turleiar (hovudansvarleg) (tlf. 416 84 164). Hans Georg skal òg vera med på turen. Endre (tlf. 908 83 633) er heimeleiar, dvs. kontaktperson dersom noko skulle skje.

Foreldre: Som vanleg treng me litt ekstra hjelp for å gjennomføra turen på ein skikkeleg måte. Me treng tre vaksne i tillegg til leiarane til å vera med på heile turen. Berit koordinerer slik at me får med nok vaksne.

Vel møtt

Kjersti og Hans Georg